

# Kkje på Sletta



Med pengane kjøpte han seg gard og ekstra areal, som igjen skapte to nye gardar.



**AMERIKA-STIL MED HEIM:** Denne løa var den første på Sletta med låvebru i amerikansk stil. Nils Sletten reiste til Colorado på skogsarbeid i 1904. Etter fire år, kunne han reisa heim til farsgarden på Nespe på Søre Sletten. Her bygde han nytt våningshus i 1910 og ny løe i 1911.



**YSTEBØTRÆET:** På 1950- talet kom det amerikanarar til Radøy og spurde seg fram til husmannsplassen Ystebøtræet, der deira norske ætt kom ifrå. Fleire skal ha utvandra frå denne husmannsstova, med innebygt flor og fjøs, som i dag er eit verna bygg.

Malene Hole og fekk 11 born, som alle vaks opp på garden som Mons kjøpte for amerikapengar. Han delte ut areal til broren Annanias, som slik fekk dyrka opp sin eigen gard. Eit anna stort areal vert delt ut til eldstesonen Peder, som dermed vart nyriddar på bureisingsbruk.

– Dei som kom att hadde ikkje stormannstankar. Dei var nøkterne, dei bygde på gamlemåten og brukte Amerika til skapa noko heime. Arbeidspendlinga til Amerika varte i ei kort periode, men betydde mykje. Det spesielle her på Sletta, er at me har fanga opp desse historiene, seier Ystebø.

Han håper fleire vil ta initiativ til å dokumentera liknande historier andre stader.

– Elles går historiene fort i gløymeboka, seier Ystebø.

Bygdevandringa fann stad førre søndag på sesongopningsdagen til Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta.



**RUSKEVÉRSTUR:** Boka klistra seg saman i vind og regn, men Asbjørn Ystebø hadde det meste i hovudet. Frå venstre: Kjell Olav Hjellum, Asbjørn Ystebø, Olav Gjerde og Bente Kopperdal Hervik.

## Stine Sofie si mamma til Manger

Onsdag kjem Stine Sofies stiftelse og Alarmtelefonen til Manger på sykkel. Ada Sofie Austegard er mor til Stine Sofie som saman med venninna Lena vart valdtekte og drepne i Baneheia i Kristiansand i mai 2000. Ada Sofie Austegard, og resten av sykkelgruppa, sykklar Noreg på langs for å spreia bodskapen om korleis ein best sikrar born ein barndom utan vald. Onsdag vil Austegard halda eit føredrag i kinosalen på Manger, klokka 20.30. Føredraget er gratis, og passar for alle, men er spesielt mynta på foreldre, barnehagetilsette, lærarar, helsepersonell, tannlegar og andre som jobbar med born og unge. – Eg var på føredrag med Ada Sofie Austegard i haust. Eg kvidde meg litt, og forventa at det vart ein time med tårer. Det vart eit føredrag av eit fyrverkeri av ei kvinne med mykje humor og med fokus på å hjelpa så mange born som muleg til ein barndom utan vald, seier Monika Soltveit Gabrielli frå Ladies Circle Nordhordland. LC Nordhordland og Lions er vertskap for sykkelgruppa, og har ordna med mat og overnatting.

## Ferska tjuvane

KNARVIK: Fredag ettermiddag i 17-tida fekk politiet melding om at personar i ein utanlandsregistrert Volkswagen Caravelle forsøkte å stela ein tilhengar i Knarvik, som var lasta med byggjevarer. – Då eigaren av tilhengaren kom ut, stakk tjuvane før dei hadde fått hekta på hengaren, fortel lensmann Einar Vatne ved Nordhordland lensmannsdistrikt.

## Bil i bil, men ingen skadde

ISDALSTØ: Ein personbil kjørte inn i sida på ein annan 100 meter nord for rundkjøringa i Isdalstø måndag morgon. – Førarane vart kjørte til lokal legevakt for sjekk, og begge er uskadde, opplyser operasjonsleiar Terje Hilland ved Hordaland politidistrikt.

## Innbrot i båt

GAULEN: Nokon har brote seg inn i ein 35-fots båt i Gaulen. Båten låg fortøyd i Fjellangsvågen i nærleiken av Vågseidet. – Dei har stole ein kartplottar og spraya rundt i motorrommet med brannsløkkings-skum, fortel lensmann Einar Vatne ved Nordhordland lensmannsdistrikt. Innbrotet vart oppdaga søndag kveld, men kan ha skjedd mellom 17. mai og 20. mai.